Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Juletre og julehalm.

Oppskr. av: Per Kjönsberg

(adresse): Sörskogbygda

Fylke: Hedmark

Herad: Elverum

Bygdelag: Sörskogbygda

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, har vorti det etterkvart sidan 1890 åra
2. Ein lærar frå Hardanger fekk i stand juletre i skulen 1896. (I Kynndbergét skule) Det er truleg det fyrste.
3. I kyrkja var det ikkje brukeleg den tid, heller ikkje i heimane til vanleg.
4. Somme tok inn einekvister og/eller granko- og pynta over muren. Halm til pynt er ukjent, like eins papir i eldre tid.
5. I seinare pynter ein ofte med kjöpte papir stjerner og annan papirstas over dörer og övst i vindauga. Dette sjölv om ein har juletre.
6. Storleiken ~~skifter~~. Er det born, har ein eit tre på golvet om lag mannshögt. Er det berre eldre folk, set ein eit 70-80 cm. högt tre på eit bord eller ein drogkiste
7. Frå 1900 utover til 1920 stasa ein treet med papirkorger av glanspapir, himmelstigen av krep-papir, kakemenner og appelsiner i hyssing. Seinare kjöper folk helst stas av glas og metall for eldsfaren. Lys brukte ein för og det gjer ein nå.
8. Er borna små, pyntar oftast faren treet. Sidan ein av dei eldste borna.

4008

9. Det står helst på golvet, fritt. Om dagen vert det sett i ei krå.
10. Ein tender lysa julaftan, sidan ofte juledagskvelden, helst om det kjem framande born. Sidan nyårskvelden og „13-kvelden“ = Hellag tre-kongers kvelden.
11. Ein går rundt treet og syng, fyrst ein eller fleire julesalmar, Deilig er jorden, Kimer i kl., Glade jul, Et barn er født, Jeg synger julekvad Kling no klokka, O, jul med din glede, Her kommer dine arme små.
12. Vanleg tek ein det ut etter trettandagen.
13. På juletrefestar i skulen hausta dei juletreet og drog det så på dóra i kring 1900, ikkje nå lenger, mykje avdi ein vil spare all stasen og nytta han opp att seinare. Dei henger heller ikkje kakemenner og anna stands på treet nå lenger
14. Gran.
15. Her på trakta er det nok okozar.
16. Nei. Julenekat står alltid ved låvebrua.
1. Halm er det ingen som kan minnast har vori nytta på golvet.
2 Fell bort.
3 „ „ .
4 „ „ .

4008
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING